

## **VISITASFOREDRAG VED BISPEVISITAS I FUSA 28. AUGUST. - 2. SEPTEMBER 2012**

Kjære kyrkjelyd!

Takk for flotte dagar her i Fusa. Eg er imponert over det eg har sett her. De er ein rikt utrusta kyrkjelyd med visjonar og gode strategiar som får til mykje.

Det har vore eit godt og mangfaldig visitasprogram og eg vil takka for alt eg har fått oppleva. Det starta med morgonbøn i Hålandsalen kyrkje tysdag morgen og sidan har det gått slag i slag. Eg har møtte Senioruniversitetet til møte om folkekyrkja si framtid. Eg har lært om Bøkkertradisjonen i Fusa og sett korleis ein set stavar og fyrer opp tønner på Tretønner i Holmefjord. Der møtte eg og kommuneleiinga til ein god samtale, og ikkje minst ein god lunsj. For det har ikkje mangla god mat på denne visitasen.

Det var spennande å vera med sjuandeklassingane på pilegrimsvandring, og å læra om kyrkjelivet i den gamle Holdhuskyrkja. Ikkje minst var det kjekt for meg som skal arrangera ungdomsår til neste år å møta ungdommane på spørjetime på skulen og på ungdomsklubben i Eikelandsosen bedehus fredag kveld. Og så har eg hatt mange gode møter og samtalar under visitasen, med lærarane, med staben og ikkje minst: onsdag kveld på samrådingsmøtet med staben og soknerådet. Der fekk vi snakka om kyrkjelydsbygging og strategien framover.

Etter ein visitas skal biskopen oppsummera sine inntrykk i eit visitasforedrag. Det gjer eg i dette visitasforedraget som er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland ved bispekontoret og prost Margrete. Eg vil ta utgangspunkt i dykkar eigen strategi som eg synes er svært god:

*I Kristus vil vi saman byggje Fusa kyrkjelyd  
i tru, tilbeding og teneste,  
Gud til øre og våre medmenneske til gagn*

De har altså kyrkjelydsbygging i sentrum og fire strategiområde omkring: GUDSTENESTELIV, BARN OG UNGE, MEDARBEIDARSKAP og SOKNEFELLESSKAP.

## GUDSTENESTELIV

Om gudstenesteliv vil eg seia to ting.

Fyrst: ***Det handlar om å gje Gud ære***, slik som visjonen til bispedømet seier: ***Saman vil vi være den treeinige Gud!*** Det er det vi gjer når vi går til gudsteneste. Ved å møta opp og vera der, gjev vi Gud den ære han skal ha. Ein skal ikkje tenka: eg går berre fordi eg vil ha noko igjen for det sjølv, men like mykje tenka: eg går fordi eg er ein kristen og vil gje Gud ære.

Det er og eit vitnesbyrd for bygda. Noko av det viktigste de kan gjera for å spreia trua er å gå til kyrkja og visa at trua er viktig for dykk.

Trua treng gode vaner, som regelmessig kyrkjegang. Dersom trua berre er inni oss og ikkje får forma oss på utsida og bli til handling, vil ho visna av mangel på næring. Dersom vi vil vera kristne, så må vi også gjera det som kristne har gjort heilt sidan den fyrste tid og samlast til gudsteneste. Også om gudstenesta ikkje i den kyrkja som ligg aller nærest. De må bli flinkare til å kryssa gamle grenser. Når de på kvardagane kan køyra langt til butikk og fritidstilbod, kan de ikkje då køyra litt også på sundagane?

Det andre eg vil seia er at for å bygga kyrkjelyden må vi arbeida med ***gudstenestestrategi***. I eit sokn med så mange prekestader handlar det om å finna ut kva slags gudstenester vi skal ha og når og i kva kyrkje. Og det er de sjølv dei beste til å finna ut.

Det har vore litt snakk om kor mange gudstenester det skal vera når bispedømet samtidig prøver å fordela prestetenesta meir rettferdig i prostiet. Difor er det fint for meg i dag å kunne seia at bispedømet vil skjerma gudstenestene i Fusa. Vi vil stille opp med presteressursar til like mange forordna gudstenester som før. Men vi må diverre venta til neste år til den økonomiske kneika som bispedømet er inne i er over og det er tilsett ny prest i Os.

Det betyr at de kan planlegga og tenka strategisk. Soknerådet og staben tenker rett når de seier at i eit sokn med så mange prekestader må nokon gudstenester sentralisera, andre må vera lokalt og nokon kan vera felles for fleire kyrkjekrinsar. Eg har ingen føresetnad for å tenke annleis enn dykk om dette. Den gudstenestefordeling de vert samde om og som prosten er med på, er den som eg vil forordna. Og regelmessige gudstenester er viktig for å få gode gudstenestevaner, difor er det ei målsetting å oppretthalda gudstenestetala slik dei har vore.

Så vil eg gje dykk ros for den strategiske tenkinga rundt *Familiemix*, at de jobbar med gudstenesta for å koma folk i møte og skapa eit godt møtepunkt for familiar og kyrkjelyden frå alle kantar av kommunen.

Når de no skal gjera ferdig den lokale gudstenestordninga må også de tenka strategisk omkring trusopplæring og gudstenestene slik at dei mange fasane i trusopplæringa ikkje fortrenger den vanlege gudstenesta, men berikar.

## BARN OG UNGE

Når det gjeld arbeidet for barn og unge er eg imponert. Eg vil gje verbale roser og seia takk til alle som er med og som står på for barn og unge i Fusa. Her står Norunn og Hans Einar svært sentralt. Eg er stolt av å ha slike medarbeidarar i bispedømet

I *trusopplæringa* er de kome langt. De har arbeid strategisk og godt i mange år og har oppnådd ei oppslutning frå 60% til 90% i alle fasane under konfirmasjonsalder. Det er flott. Det skuldast ikkje minst at de vart forsøkskyrkelyd og fekk ekstra midlar i 2005 til eit prosjekt som blant anna førte til at de laga dykker eigen dåpsopplæringsperm. I år kom de over i den vanlege driftsfasen. Ein slik overgang er ei omstilling både økonomisk og praktisk, men de har jo mykje igjen for desse ekstra åra med forsøkspengar og har eit godt utgangspunkt for å driva trusopplæringa vidare. Dåpspermen som de utvikla i prosjekttida, er ein god reiskap også vidare framover.

Det er eit flott ungdomsarbeid de har her. Og om nokon skulle vera i tvil; det er sjølvsagt trusopplæring. Det skal ikkje så mange grep til for å få dette inn i planen, slik at han vert meir komplett. Her vil trusopplæringsrådgjevaren på bispekontoret hjelpe dykk.

## GJEVARTENESTE

Så vil eg gje dykk ros for at de er kreative til å samla inn pengar. Og her har kyrkjeverja Harald Geir mykje av æra. Av den millionen de brukar på trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid er over halvparten innsamla midlar.

Eg veit at de har ei gjevarteneste og det er bra. Men eg er sikker på at fleire kan utfordrast til å gje fast, ikkje berre kjøpa ein kalender no og då.

Eg vil utfordra kyrkjelyden, både dykk som sit her i dag og dykk som seinare skal lesa visitasforedraget: Ver med på ei fast gjevarteneste!

I våre dagar er gjevarteneste enkelt. Dei av dykk som har nettbankar, og det har vel etter kvart ganske mange tenker eg, kan legga inn faste trekk kvar månad.

Det er nemleg fryktelig vanskeleg å kvitta seg med ein tohundrelapp som er i lommeboka. Den liksom klistrar seg fast i lommeboka dersom du skal ta den ut. Men å la to hundre kroner gå ut av konto, det er mykje lettare, pengane berre ruslar stille av garde og du merkar det ikkje, men borna som er med på trusopplæringa vil merka det, og ungdomsarbeidet vil merka det, ja bygda vil merka det gjennom borna. Det er ein fin måte å vera medarbeidar på.

## **MEDARBEIDARSKAP**

Medarbeidarskap de har de jo arbeidd særleg med her i Fusa. Og bispedømekontoret har gjeve starthjelp. Difor er det gledeleg høyra at det er 150 uløna medarbeidrarar her i Fusa. Det er eit stort tal for ein kvar kyrkjelyd, men det er imponerande når ein tenker på folketalet i Fusa. Og når kyrkjeverja fortel at over 100 personar har vore med på ulike dagnadsprosjekt berre i år, så fortel det mykje om kva kyrkja betyr for bygda.

Eg reknar med at mange av dykk medarbeidrarar er her i kyrkja i dag. Som biskop vil eg seia takk for at de er villige og seier ja til å vera med. Eg vonar at de merkar at Gud velsignar dykk gjennom teneste. For mange kan det å vera medarbeidar nettopp vera ein veg for å koma nærmare Gud og utdjupa trua si.

Eg vil gje soknerådet og staben ros for at de er flinke til å utfordra medarbeidrarar og flinke til å følgja opp. Eg har inntrykk av at alle i staben gjer det. Frivillighetskulturen har endra seg, det er vanskelegare å få folk til å binda seg, og difor er det enno viktigare at ein følgjer opp, sjølv om folk har ulike ynskjer om oppfølging.

Trass i at staben er flinke til å følgja opp, krev dette viktige feltet likevel meir merksemrd i framtida. Eg utfordrar dykk til å syte for å ha minst 25 % stilling øyremerk til medarbeidarkoordinator.

## **SOKNEFELLESSKAP**

Soknefellesskap er eit godt mål. I 1998 vart fire sokn slått saman til eitt. No ser ein enno betre enn ved visitasen i 2000 at dette var eit riktig grep. Samstundes tar ein både vare på dei lokale krinsane ved at ein har fire kyrkjeutvala og jobbar med felles utfordringar gjennom dei tverrgåande fagutvala. Eg trur det er heilt rett når soknepresten seier at ein ikkje hadde fått til det ein har gjort på trusopplæring, barne- og ungdomsarbeid og diakoni dersom ein enno hadde vore fire sokn. Denne samanslåinga trur eg alle har vunne på.

Samtidig er de veldig klar over at jobben er ikkje ferdig med berre strukturane. Soknefellesskapet må byggast. Difor har de hatt kyrkjelydshelg annankvart år som har samla 80-100. Det er viktig med slike felleskapsbyggjande tiltak, difor vil eg utfordra dykk til å prøva å arrangera kyrkjelydshelg årleg.

Ei anna positivt tiltak de har er BBL – Bibel, Bøn og Lovsang. Det fint med djupnetiltak, det bygger trua vår. Den største svakhet i kyrkja etter ungdomsarbeidet er manglande vaksenkatekumenat. Men det har de her. Det er 4-5 gonger i året, det er bra, men de må gjerne ha fleire. Det treng kyrkjelyden, og prestane treng å få brukt enda meir av teologien sin i bibelundervisning.

## **TAKK TIL KOMMUNEN**

Eg vil takke kommunen for gode samtalar og for stor velvilje og omtanke for kyrkje trass i at økonomien er krevjande. Kyrkjene her er i relativt god stand og det skal de ha dykker del av æra for. Eg har merka i samtalane både med kommuneleiinga og lærarane og andre, at kyrkja og kyrkjene er ein viktig del av Fusa sin arv og identitet.

## **TAKK**

Hagesæter sa i 2000 at han vart inspirert av å visitera Fusa. Dette er ord eg kan gjera til mine. Eg rekk ikkje å koma inn på alt det som er bra her. De er ein grøn kyrkjelyd, de jobbar bra med fairtrade, med misjon og diakoni og har «Bli kjent i kyrkja»-kurs og arbeid for utviklingshema, for å nemna noko.

Eg vil takka alle som er med å gjera dette til ein flott kyrkjelyd som det er inspirerande for meg som biskop å visitera.

Eg vil takka prestane, soknerådet, ikkje minst leiaren, og kyrkjeverja og alle som har bidratt til skrivinga av visitasmeldinga. Ho er god og innhaldsrik! Takk for flott tilrettelegging av visitasen og gode samlingar. Ikkje minst vil eg takka kantor for musikken både under visitasen og elles og alle andre som har bidratt til denne flotte jubileumsgudstenesta.

Takk også til prosten som har vore med å legge til rette og planlegga denne visitasen og også vore med heile vegen, og som også held si milde hand over Fusa når biskopen ikkje er her.

Lat meg avslutta med å gje vidare noko utfordringar til dykk:

- Gå til gudsteneste regelmessig for Guds skuld og dykkar eiga skuld sjølv om de må kryssa ei gamal grense
- Fullfør arbeidet med gudstenestefordelinga og gudstenesteordninga
- Fortsett med kreativ pengeinnsamling og slutt opp om gjevatenesta
- Ta vare på alle medarbeidarane ved å prioritera 25% stilling til koordinator
- Styrk soknefellesskapet ved å ha kyrkjelydshelg kvart år

Og med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Fusa med mange gode minne og mange nye kaloriar.

Eg takkar for desse dagane og ynskjer Guds velsigning over kyrkjelyden i Fusa.

Bjørgvin bispestol, 2. september 2012

Halvor Nordhaug